



Tor-Erik Vaksdal  
Breivikstølen 5 B  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1600 - 19/16483

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:  
01.08.2019

## Førehandsvarsel om pålegg om opprydding - forsøpling av eiendom - GBNR. 19/30

Meland kommune har registrert og motteke melding om ulovleg lagring av søppel på eiendomen din, bruksnavn: Roshaug I, gnr. 19, bnr. 30 i Meland kommune. Kommunen er forureiningsmynde etter forurensingslova § 81 første ledd bokstav c), og har plikt til å følge opp meldingar om mogleg/fare for forureining.

Når det er fare for forureing i strid med forurensingslova eller etter vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureininga har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Kommunen varslar med dette at vi vurderer å påleggje deg som grunneigar å rydde opp på eiendomen, gnr. 19 bnr. 30 på Dalstø. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

### Kommunens oppgåvar og mynde

Etter forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene til kommunen at den skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 37 1. ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har oppbevart avfall i strid med § 28, som seier at «(I)ngen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmende eller være til skade eller ulempe for miljøet».

### Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg

Kommunen reknar batteriet, det rustne oljefatet og dei andre gjenstandane, bl.a. klede, sko, diverse plater og surra plastposer, som ligg ved og under presenningene på eiendomen din, som avfall i henhold til forureiningslova § 27, 1. ledd. Dette gjeld uansett kva for grunn du har til å oppbevare dette på eiendomen.

Giftstoffer i batterier kan gjera stor skade. For å redusera dei negative effektane batteri har på natur og miljø, må både forbrukar, produsent og returselskap samarbeide til eit felles beste.

Bilbatteri inneheld miljøskadelege stoffer, som bly, kvikksølv og kadmium. Når slike batteri kastast feil og giftstoffane sleppes ut, kan dei gjera stor skade på naturen. Nokre batteri kan og lekke etsande batterisyre.

Tilhøva representerer eit alvorleg problem med tanke på forureining. Vidare verker lagringa av gjenstandane skjemma og gjer nedsett trivsel for turfolk, naboer og eventuelt andre brukarar av området. Meland kommune har heimel til å forby oppbevaring av gjenstandar «når det etter kommunens skjønn vil gjøre opphold eller ferdsel farlig, virke sterkt skjemma eller være til vesentlig ulempe», jf. plan-og bygningslova § 28-5.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1. ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjemma eller være til fare eller ulempe for miljøet». Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28, 3.ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Som følgje av det ovannemnde vurderer kommunen å påleggje deg å rydde opp.

### **Varsel om pålegg**

Med heimel i forureiningslova § 37 1. ledd varslar Meland kommune om at vi vil påleggje deg å rydde opp dersom vi innan **31.08.2019** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding frå deg med opplysningar om at du allereie har rydda opp.

### **Kva kan du gjere no?**

For å unngå pålegg må du gjere følgjande:

- Fjerne alle gjenstandar som ligg ved og under presenninga.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding innan **31.08.2019** med opplysningar om at du har rydda opp, samt biletedokumentasjon.

### **Har du kommentarar?**

Har du kommentarar til varselet, kan du sende dei til Meland kommune innan to veker etter at du mottok dette brevet, jf. forvaltningslova § 16.

### **Har du spørsmål?**

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med saksbehandlar på telefon 5617 1000 eller på epost.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Astrid Riise  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Tor-Erik Vaksdal

Breivikstølen 5 B 5179

GODVIK